

## LINDÅS KOMMUNESTYRE.

Onsdag 20.mai 2014 hadde pårørande til bebuarane på Lindåstunet møte, og det var enighet om å sende desse opplysningane til Lindås kommunestyre:

Me synest det er feil at bebuarane skal lida for at Lindås kommune har hatt ulovleg avtale ang kjøp av tenester hjå Lindåstunet i 10 år. Lindås kommune treng dei plassane som Lindåstunet kan levera.

På Lindåstunet får våre eldre tryggleik, trivsel, dei kjenner seg som ein familie. Det er eit lite miljø og bygningen i seg sjølv er ei heime-koseleg ramme om dagleglivet. Dei eldre gjev sterkt uttrykk for at det er her dei vil bu: "Her trivest me," "eg har det så godt her", er nokre av utsegna fra dei. Her er 10 – 15 frivillige som bidreg med matlaging, turgåing, kjøring på turar, o.s.v. Utsyn over sjøen er god medisin og gjev ro i sjela. Dei har alltid betjening rundt seg, heile døgnet, og det gjer dei TRYGGE. Dette er kvalitet i eldreomsorga.

Etter dei opplysningar me har fått, kostar det om lag det DOBLE pr. bebuar på kommunale institusjonar i forhold til det kostar på Lindåstunet.

Avtalen med Lindåstunet og kommunen går ut 1.juli 2014. Helseplanen for kommunen er endå ikkje klar. Me ber om at våre eldre, med gjennomsnittalder på 92 år, den eldste er 96 år, får bu trygt her til tilhøvet mellom Lindåstunet og kommunen er avklåra, slik at dei slepp flytta rundt, sidan det ikkje er det økonomiske det står på.

Vårt høgste ynskje er at Lindåstunet får bestå, og me er sikre på at det er mogleg å finna ei løysing på den juridiske sida av saka.

For bebuarane: Oddvar Vabø, Gunnhild Berge, Ottar Lauvås, Torill Edris, Elbjørg Kaland, Karstein Jordal, Irene og Åge Jordal, Margunn Rosnes, Helge Kvingedal.